

KOMPETANSEPLAN NKR - BARNEHAGE

Regional ordning for kompetanseutvikling barnehage - REKOMP

Juvikstølen barnehage

- Kartlegging

Kva kartleggingsverktøy har vore nytta? Grunngeving for val av verktøy.

Vi har nytta Ståstadsanalysen for barnehage, hovudtema og 2 tilleggstema → Kropp, rørsle, mat og helse samt Mengd, rom og form.

Ut frå rammebetingelsane som tid - ca. 1 månad på gjennomføring, finne møtefora for å jobbe med det, økonomi m.m. valte dei kommunale barnehagane å nytte Ståstadsanalysen og at det var pedagogiske leiarar og styrar som deltok i kartlegging, refleksjon og drøfting.

Under drøftinga reflekterte vi også rundt kartlegging og statistikk. Kom inn på punkt som:

– kva synleggjer kartlegging av barnehagen sin praksis og kva spør kartlegginga ikkje etter.

– Statistikk kan misbrukast.

– Kva er målet med undersøkinga.

– Under fagområdet Mengd, rom og form diskuterte vi leik og læring. Kor går balansen / grensen på å «misbruke» leiken til innlæring av akademisk kunnskap? La barn få vere barn. Barnet har verdi i kraft av å vere seg og skal ikkje berre bli målt ut frå sine prestasjonar. Viktig å jobbe med den sosiale og emosjonelle utvikling (DUÅ).

- Denne kartlegginga seier ikkje noko om leiarrolla og personalleiing. T.d. korleis motivere og ansvarleggjere dine medarbeidarar som du leier. Evna di som leiar til å kunne sjå samanhengar...

- Forankring

Korleis er kompetanseplanen forankra? Kven har delteke i arbeidet og prosessen? Referat?

For Juvikstølen barnehage som er ein kommunal barnehage er der ein felles kompetanseplan for dei tre kommunale barnehagane. Hovudsatsingane er Kommunale føringar som satsing på DUÅ og språk.

- Identifisert behov

Kva kompetanseutviklingsbehov har de identifisert i dykkar barnehage? Prioriter dersom fleire.

Det som kom fram i kartlegginga var at der trengtes å jobbe meir med at personalet legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer. Og at der må jobbast meir med fagområdet Mengd, rom og form.

Refleksjonar rundt Mengd, rom og form viser:

– Vi har kompetansen når ein ser kva Rammeplanen seier om dette fagområdet. Vurderer ikkje at det

er her vi treng kurs for å heve kompetansen.

– Handlar om prioriteringar. Vi har t.d. satsa mykje på DUÅ og språk.

– Vi må t.d. verte endå betre på å jobbe tverrfagleg, t.d. når vi jobbar med bøker og dialogisk lesing, vere bevisst på også å velje litteratur som går på mengd, rom og form.

Under drøftinga kom vi derfor fram til at ei prioritering når det gjeld personalet si tilrettelegging for at barna utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttryksformer.

- **Argumentasjon for behovet**

Kva argument meiner de kommunen og regionen skal vektlegge når ein skal prioritere dette/desse kompetanseutviklingstiltaket/-a

- Refleksjonen viser at der er mangel på midlar til utstyr som t.d. kamera, lys, redigeringsprogram, pc / nettbrett til bruk saman med barna, smartboard og manglande kompetanse / kunnskap hjå personalet. Vi vurderer at barnehagen treng eit løft både i forhold til utstyr og kunnskap om skapande digitale uttryksformer saman med barna.

- Skjermbruk er som vi ser t.d. frå Ungdata undersøkinga 2017 eit problem blant ungdom. Vurderer at barnehagen må vere bevisst og skape gode haldningar her.

Stad/dato

Juvikstølen 31.10.18

Christine Teigland

Styrar i Juvikstølen barnehage